



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 24.05.2018

Møtestad: Formannskapsrommet

Møtetid: 09:00 - 15:00

Det vert møte i næringsfondstyret klokka 0900

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordførar	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
016/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
017/2018	Godkjenning av møtebok
018/2018	Orienteringssaker
019/2018	Avtale brøytetilskot Fjellstølen og Kvanndalen velforening
020/2018	Drøftingssak: Tidleg utkast til kulturplan.
021/2018	Konseptstudie - utviding av IKT samarbeidet
022/2018	Utredning av moglege samarbeid i randkommunane
023/2018	Årsmelding og rekneskap 2017
024/2018	Modalen nærings- og tenestesenter

Notat frå møtet:

016/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

017/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

018/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmannen orienterte om status for prosjektet om oppretting av Nordhordland brann og redning, som er ei utviding av dagens brannsamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen. I tillegg til desse tre kommunane er Radøy og Austrheim tenkt inn i det nye samarbeidet. Det vil og vere opning for at andre kommunar kan kople seg på dersom dei ynskjer. Prosjektet vil utarbeide forslag til ny brannordning for regionen sett opp mot gjeldane lov og forskrift, ny dimensjoneringsforskrift, oppdatert risikobilete for heile regionen. Gruppa vil leggje fram si innstilling før sommaren 2018, og saka vil så gå til dei einskilde kommunane for politisk handsaming. Målsetjinga er at Nordhordland brann og redning skal vere i drift frå 1.1. 2019. Saksutgreiinga som skal til politisk handsaming var ikkje klar til formannskapsmøtet, men formannskapet slutta seg til at saka kan sendast rett til kommunestyret 14. juni.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål om negativ tilbakemelding frå nokre av båtturistane som var i Modalen i pinsehelga. Kritikken gjekk mellom anna på manglende straumkapasitet, dyr hamneleige, fulle bosskontainrarar og skitne toalett. Assisterande rådmann Ove Sæbø kommenterte at kommunen og har fått denne tilbakemeldinga, og at vedkommande vil få eit svar snarast. Formannskapet bed administrasjonen prioritere å setje i gang arbeidet med å auke straumkapasiteten på bryggja, samt vurdere om flytebryggja bør utvidast. Formannskapet bed og om at avtalane om kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er Mobryggja sitt ansvar vert gjennomgått og avklart.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål til ordførar om status på saka om mogleg turvei til Helland. Ordførar svara at grunneigarane munnleg har meldt tilbake at dei i utgangspunktet ikkje er interessert i dette, med bakgrunn i at dei er usikker på kva konsekvensar ein turveg vil få for dei. Dei er usikre på om turvegen vil legge begrensningar på deira bruk av områda, til dømes i høve uthenting av tømmer, og kven som skal ha ansvar for vedlikehald av turvegen. Formannskapet bed ordførar om å undersøke saka vidare og sende ei skriftleg henvending til grunneigarane for å sjå om ein kan komme fram til løysingar som er gode for alle partar, og som kan vere økonomisk mogleg for kommunen å gå inn i.

Linda Neset stilte spørsmål ved om det er mogleg å finne andre alternative turløyper enn den til Helland, som i tillegg kan vere lettare og billigare å realisere. Assisterande rådmann Ove Sæbø svara at dette spørsmålet er naturleg å knytte til arbeidet med kulturplanen som no er i gang.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

019/2018: Avtale brøytetilskot Fjellstølen og Kvanndalen velforening

Behandling:

Rådmannen informerte om henvending frå styret i Fjellstølen og Kvanndalen velforeining om å få til ein langvarig avtale med kommunen om tilskot til brøyting og vedlikehald av vegen, istadenfor ordninga pr i dag der hyttelaget årleg må søke om tilskot. Rådmann og ordførar har hatt møte med representantar frå hyttelaget der velforeininga sine synspunkt og forslag vart presentert. Rådmannen orienterte kort om saksutgreiinga og bakgrunnen for tilrådinga om inngåing av fast avtale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune løyver Fjellstølen og Kvanndalen velforening eit årleg tilskot til vegvedlikehald/brøyting frå 2018 – 2023 på kr 30 000,-. Tilskotet skal årleg justerast for ein løns- og prisvekst på 2,5%. Velforeninga skal årleg sende faktura til kommunen i løpet av oktober/november.

020/2018: Drøftingssak: Tidleg utkast til kulturplan.

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø informerte om status i kulturplanprosessen, og ba om innspel og kommentarar til det vidare arbeidet.

Linda Neset kom med ynskje om at Modalen må få sin eigen signaturtur, eller hovudturløype, til dømes noko lignande som "Skåla opp". Ho kommenterte vidare at Modalen har mange turstiar som

no er godt merka, men som kan bli endå betre tilrettelagt og tilgjengeleg for alle typar brukarar.

Kristin Nåmdal tok opp at det er gjort mykje godt arbeid med planen så langt, og at det er viktig at planen vert enken og brukarvennleg. Ho tok vidare opp at det viktig at planen og tek for seg møteplassar for yngre folk, til dømes uteplassar som legg til rette for sosiale aktivitetar og gjerne nokre med tak over. Ho støtta vidare Linda Nesi sitt framlegg om ein til to signarturturar i Modalen, og poengterte vidare at det er god folkehelse i å leggje til rette for gode sosiale møteplassar.

Kjetil Eikefet la til at ei turløype liknande "Brekkeløypo" i Knarvik hadde vore ynskjeleg å få til, men at plasseringa av ei slik løype kan vere ei utfordring å finne.

Linda Nesi tok opp at utvikling av havneområdet og til dømes få fleire båtplassar kan vere eit viktig tiltak å prioritere

Ann Jorunn Farestveit foreslo å ha sterkare fokus på utvikling av kulturskuletilbodet, til dømes gjennom ulike konserter der elevane får vise kva dei har øvd på.

Vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering, og bed om å statusoppdateringar underveis i det vidare arbeidet med kulturplanen.

021/2018: Konseptstudie - utviding av IKT samarbeidet

Behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om innhaldet i saksgrunnlaget og bakgrunnen for at saka no kjem opp til politisk handsaming.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Modalen kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Modalen kommune positiv til det.

022/2018: Utredning av moglege samarbeid i randkommunane

Behandling:

Rådmannen orienterte om at randkommunane utafor nye Alver kommune vil starte opp eit kartleggingsarbeid og mulighetsstudie der ein ynskjer å sjå på kva område det kan vere tenleg å vurdere eit meir formalisert samarbeid mellom kommunar. Initiativet er politisk initiert av ordførarane i kommunane. Kommunane opplever at presset på økonomi og krav til innsparing av kostnadar aukar. Det er også utfordringar med rekruttering av relevant fagkompetanse og krav til å utvikle tenestetilbodet og få til meir effektiv drift. I tillegg er mange av kommunane sårbare i forhold til personalressursar og kompetanse på mange tenesteområde.

Eventuelle framlegg til formalisering av samarbeid mellom kommunar skal handsamast politisk. Kristin Nåmdal kommenterte at dette er viktige saker å diskutere politisk, og at utredningsarbeidet ikkje må utelukke moglege samarbeid med nye Alver kommune. Ho tok opp at viktige og store komplekse område som NAV og barnevern kan verte for omfattande for små kommunar å ha hand om sjølv om fleire kommunar går saman om dette.

Formannskapet bed om at utredningane om moglege framtidige samarbeid mellom kommunane og må inkludere moglege samarbeid med nye Alver kommune.

Vedtaket var samråystes

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune ser det som svært viktig at Modalen er med på arbeidet med å utrede moglege samarbeid med andre kommunar på ulike område. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet, og at konkrete framlegg til samarbeid vert lagt fram for politisk handsaming og vedtak.

023/2018: Årsmelding og rekneskap 2017

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om årsrekneskapet og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samråystes

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk kr 175 474 vert avsett til disposisjonsfondet.

Årsrekneskapen og årsmeldinga for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

024/2018: Modalen nærings- og tenestesenter

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saksutgreiinga

Ordførar låg fram forslag om å sende saka vidare til kommunestyret utan tilråding. Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan tilråding
